



OPUS BERGEN AS
Strandgaten 59
5004 BERGEN

Dato: 11.05.2016
Vår ref.: 2016/3834-4
Saksbehandlar: sigbjer
Dykkar ref.:

Fråsegn til oppstart - detaljregulering for Sagavika - gnr 95 bnr 2 m.fl. - Bergen kommune

Vi viser til brev datert 31.03.2016 om oppstart av arbeid med detaljregulering for Sagavika, med planprogram. Hovudføremålet med reguleringa er bustad/ evt bustad og næring. Føremålet er ikkje avklart i kommuneplan der området er sett av til *funksjonell strandsone*.

Hordaland fylkeskommune vurderer planprogrammet/oppstartsmeldinga ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

Vurdering og innspel til oppstart av planarbeidet

Hordaland fylkeskommune er kritisk til oppstart av planarbeidet då det er i vesentleg strid med regionale planar knytt til samordna areal og transportplanlegging og forvaltning av strandsona.

Bustadbygging utanfor senterområde, med lav kollektivdekning er i strid med *Regionale areal og transportplan og Klimaplan for Hordaland*. Skal vi nå mål om å halde bruk av privatbil på dagens nivå, må nye bustader og arbeidsplassar primært leggjast til sentrale områder med god infrastruktur for kollektivtransport, sykkel og gange. Det er ikkje tilfelle i Sagavika og arealet er difor ikkje sett av til fortettingsområde i kommuneplanens arealdel.

Store delar av foreslått planområde ligger innanfor funksjonell strandsone. Planforslaget avviker vesentleg frå føresegn i kommuneplanens arealdel, der det er vist til at - *funksjonelle strandsone er områder som står i direkte samspill med sjøen økologisk, topografisk og/eller bruksmessig. Innenfor den funksjonelle strandsonen er det et overordnet mål å ta vare på og videreutvikle kvaliteter knyttet til biologisk mangfold, landskap, kulturminner, bygningsmiljø og allmenn ferdsel.* -

Strandsona er et prioritert tema i plan- og bygningslova som seier at det skal takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser i 100-metersbeltet langs sjøen.

Det er eit regionalt areal- og miljømål at Hordaland skal verne om verdifulle areal- og naturressursar i blant anna strandsone og kulturmiljø. Strandsona skal være open og tilgjengeleg for ålmenta og verdifulle områder skal vernast slik at dei ikkje vert nedbygd. Ålmenne friluftsiinteresser skal prioriterast før utvikling av private eigedommar i strandsona.

Dei statlege planretningslinjene for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen legg opp til geografisk differensiering der vernet vert gjort strengare i sentrale område med stort press på areal. Bergen kommune er definert som pressområde.

Hordaland fylkeskommune vil vurdere å gå imot planforslaget gjennom politisk vedtak dersom det er i vesentleg strid med regionale planar og interesser knytt til forvaltning av strandsona.

Vurdering av og innspel til planprogrammet

Vi saknar rett referanse til Regionale planar. Jmfør innleiing vil dei Regionale planane vere vesentlege dokument for vurdering av planforslaget og vil vere grunnlag for eventuelle motsegn. Vi vil særleg trekke fram *Klimaplan for Hordaland* og *Regional areal og transportplan*. Men også *Regional plan for folkehelse* i samband med dette planarbeidet. I tillegg viser vi til *Kollektivstrategi for Hordaland* med føringar for kollektivbasert byutvikling.

Planarbeidet må vise konsekvensar av planforslaget i høve til dei regionale planane.

Ut over dette vurderer vi at planprogrammet i hovudsak er dekkande for dei tema det er naturleg å vurdere i samband med planarbeidet.

Plantema vi vil legge særleg vekt på i det vidare planarbeidet er:

- Areal- og transport
- Arkitektur og estetikk
- Barn og unges interesser
- Friluftsliv (regionale friluftsområde, <http://kart.ivist.no>)
- Klima og energi
- Landskap (regionale landskapsområde, <http://kart.ivist.no>)
- Naturmangfald
- Kulturminne og kulturmiljø
- Næringsutvikling
- Samferdsel
- Strandsone

Meir om kulturminne:

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Automatisk freda kulturminne

Det er kjende automatisk freda kulturminne like utanfor reguleringsplangrensen. Arkeolog frå Fylkeskonservatoren har difor vore på synfaring i planområdet for å vurdere potensiale for funn av ukjende automatisk freda kulturminne. Potensialet vart vurdert til å vere lågt så Hordaland fylkeskommune kjem difor ikkje til å krevje ei arkeologisk registrering.

Nyare tids kulturminne

I vestre del av planområdet, på gnr. 95, bnr. 219 ligg eit tunellanlegg sprengt ut i fjell. Dette er ein del av eit større krigsminne «Støttepunkt Sagneset» med id.nummer 212815 i Riksantikvaren sin kulturminnedatabase. I den vidare planlegginga må dette kulturminne takast omsyn til.

Marine kulturminne

Då delar av planområdet omfattar sjøareal har saka vore vurdert av Bergens Sjøfartsmuseum. Sagavika er ein gammal stad for sagbruk og utskiping av tømmer. Vika har også vert lokalitet til eit eige spinneri, og det er grunn til å tro at det har vore stor maritim aktivitet i området. Staden er nemnt i eldre norske Losbøker

som egna ankringsstad. Området har vore gjenstand for store utfyllingar i nyare tid samt industriell aktivitet, så potensialet for å finne marine kulturminne er vurdert til å være lågt. Bergens Sjøfartsmuseum har difor ingen merknader til det planlagde arealinngrepet.

Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre www.hordaland.no/plan/startpakke.

Oppsummering

Hordaland fylkeskommune er kritisk til utstrakt utbygging innanfor funksjonell strandsone og utanfor definerte fortettingsområder i kommuneplanens arealdel. I ein vidare planprosess vil vi særleg legge vekt på samordna areal- og transport, arkitektur og estetikk, barn og unges interesser, friluftsliv, klima og energi, landskap, naturmangfald, næringsutvikling, samferdsel og strandsone.

I høve kulturminne har Hordaland fylkeskommune ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under reguleringsplanlegginga tek omsyn til krigsminne idnr. 212815 og at ein vidare i planleggingsprosessen søker å unngå inngrep og skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Planarbeidet må vise konsekvensar av planforslaget i høve til dei regionale planane.

Hordaland fylkeskommune vil vurdere å gå imot planforslaget ved politisk vedtak, dersom det er i vesentleg strid med regionale planar og interesser knytt til samordna areal og transportplanlegging og strandsonerforvaltning.

Eva Katrine R. Taule
kst. plansjef

Sigrd Næsheim Bjercke
saksbehandlar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Saksbehandlar:

Kultur- og idrettsavdelinga ved Øystein Skår